

## Møtereferat

Dato: 08.10.2019

Emne:	<b>Regionalt planforum – Områdereguleringsplan Rosendal</b>	
Til stades:	Hordaland fylkeskommune (HFK): Eva Katrine Ritland Taule, Nina Gjester Hoel, Tina KM Sinclair, Malene Utkilen, Gunnhild Raddum, Inge Edvardsen, Grete Kathrine Jacobsen, Else-Marie Brobakke Aarø, Øystein Monsen, Kjell Håland (Utval for kultur, idrett og regional utvikling) Fylkesmannen i Vestland (FMVL): Egil Hauge Kystverket Vest (KV): Turid Susort Jansen Statens vegvesen (SVV): Bjørn Skorpa Eikeland Kvinnherad kommune: Hans Inge Myrvold (fungerande ordførar), Kjartan Thoresen, Anne-Lise Næs, Hildegunn Furdal Norconsult: Mona Hermansen	
Forfall:	-	Sak:
Møtetid:	24.09.2019 kl. 10.00 – 12.00	Møtestad: Møterom Nordhordland, Fylkeshuset

**Møteleiar: Eva Katrine R. Taule****Referent: Nina Gjester Hoel**

Møteleiar ønskte velkommen og orienterte om regionalt planforum.

### Introduksjon:

#### **Hans Inge Myrvold, midlertidig ordførar i Kvinnherad kommune.**

Kommunen har utfordringar i høve til ledig areal og infrastruktur. No ønskjer kommunen at forvaltninga i større grad skal vere planstyrt. Dette gjev ein tydeleg retning for politikarane i kommunen enn kva det har vore tidlegare.

#### **Mona Hermansen, Norconsult**

Planen er no i tidlig planprogramfase, og ein ønskjer diskusjon. Føremålet med arbeidet er å vidareutvikle Sunde som attraktiv tettstad, kollektivaksar og g/s-veg skal forbeholdast, ein vil ta vare på særkvalitetar, og skape gode uterom og offentlige rom. Det er behov for møteplassar på Sunde. Framlegg til plangrense omfattar sentrumsområdet og tilgrensande bustadområde, samt Slettestølsvegen og Sundsvegen.

Tidlegare var det meir aktivitet på Sunde, i form av handel og tilbod. Med konkurranse frå Husnes har Sunde mista butikkar og fritidstilbod. Dette har ført til mange tomme lokaler i sentrum. Sunde er i dag ei bygd med mange bustader, ein barnehage og barneskule samt enkelte næringer som Vikingfjord lakse-pakkeri, som ligg sentralt. Bergslagen kyst- og litteratursenter som i dag ligg i eit tidlegare båtverkstad, men ønskjer å utvikle denne staden til å få servering sommarhalvåret og tilby aktivitetar for både vaksne og born og unge. Staden har smale gateløp, som er flott i kulturminne-samanheng, men utfordrande i høve til mjuke trafikkantar og tunge køyrety.

I planarbeidet er det fokus på tidleg medverknad. Ein har hatt folkemøte med idédugnad, barnetråkk-registrering på sunde skule, samt møte med referansegruppa om planprogrammet. Refleksjonar ein tek med seg frå dette arbeidet er særleg det sterke ønsket om møteplassar i bygda: butikk, kafé, pub, kultur,

torg, uterom, leikeplassar. Det er eit behov for at noko må skjje i sentrum. Ein har diskutert tre alternativ for utvikling: 1 – nybygging, 2 – ta i bruk eksisterade lokale, 3 – utvikle offentlege areal. For å få til dette har ein sett til prosjektet «Levande lokale», prosjektet «Liv og lyst», ein har vurdert å få inn fasilitator for etablerarar. Ein treng motorar som stimulerer til utvikling i tettstaden – slik som Bergslagen. Ein vil skape opning for fleire tiltak. Kan organisasjonar eller eldsjeler ta tak i dette med møtestader? Kan ein starte opp mindre enkle tiltak for å vise at noko skjer? Kan områdereguleringa hjelpe gjennom å føre til at det vert enklare med bruksendring?

Ein legg i planlegginga til grunn at skulen og barnehagen skal bli verande. Det er ei målsetting å binde Bergslagen tettare mot marinaen i nord og vurdere kopling sørover. Ein vil også kople sentrumsområdet betre mot skule og barnehage. Områda på nordvestsida av brua vil ein utvikle med eit grønt fokus for å betre tilgang til og opphaldssoener mot sjø. Strandpromenade er også noko ein vil vurdere. Ein ønskjer å få liv i dei tomme lokala igjen.

Ein har søkt å få kontakt med Vikingfjord, for å få informasjon om dei ser føre seg å ha lokalisering og drift vidare i Sunde sentrum, eller om det kan vere aktuelt med ei ny lokalisering. Om verksemda blir verande i overskueleg framtid, eller om dei flyttar innan kort tid målar opp ulike premisser for sentrumsutviklinga. Det er lite ledig areal i Sunde sentrum. Difor ønskjer også kommunen tilbakemelding på pm utfylling kan vere ei løysning på å skaffe sentrumsareal.

I det vidare arbeidet vil ein vurdere avgrensing av sentrumsområde med føresegner; avgrensing av bevaringsområde med føresegner; innpassing av karakteristiske uterom; strandpromenade; badeplassar; sentrale areal for leik og aktivitet; nærleikeplassar og samanhengande grøntstruktur. Dei trafikale tilhøva vil ein betre for mjuke trafikantar, løyse kollektivhaldeplassar og utbetre.

## **Diskusjon:**

### Om medverknad, involvering og stadutvikling

HFK har gitt tilsegn til Sunde gjennom Liv og lyst, nå er prosjektet inne i sitt 3. og siste år. Sunde kyst- og litteratursenter har også fått midlar. Sunde har eldsjeler, og det skjer allereie ei mobilisering. Dette er det viktig at det dragast vekslar på. Det unike med Sunde er kystkulturen – kommunen bør fremje dette. Håpar dette vert tydeleg ivareteke i planen vidare.

HFK ved planseksjonen gjev innspel på at Sunde har nok areal – det er ikkje problemet. Ein bør forsiktig med å formidle til aktørar med arbeidsplassar at dei ikkje er ønska. Kan ein heller rigge det kring den næringa som er her? Kan ein jobbe meir med unge og næringslivet, i tillegg til borna. Ville trekt inn næringslivet og ungdommen sterkare. Ein må ta vare på alt som er her – av aktørar, miljø, eld-sjeler. Å ta vare på det som er også å styrke staden. Områdeplan kan vere ein viktig arena for å skape møteplassar og mobilisere. Gjennomføringskraften som ligg i områdeplanprosessen er viktig å være klar over.

HFK ved folkehelse understreker at mobiliseringa som skjer er ei styrke som ein bør dra med vidare. Er det aktørar som til dømes grendelag som kan vere motorar for dykk? Her kan ein sjå til Bømlø. Kven ønskjer de å utvikle Sunde for? Ein må ha med seg generasjonsperspektivet. Korleis kan ein bygge ting saman og ha prosessar på dette. Møteplassar, livskvalitet, og gode oppvekstvilkår er viktige stikkord. Ein må bruke folk og næringsliv for å skape eit levande samfunn som folk vil flytte tilbake til. Ein må oppsøke næringslivet, ikkje forvente at dei kjem på folkemøte.

Kvinnherad kommune understreker at ein satsar på næring i kommuneplanen. Kommunen arbeider også med strategisk næringsplan. Men dei ser moglegeita for å satse på næring i denne planen. Ordføraren peiker på at det er ikkje det at Vikingfjord ikkje er ønskja, men det er dei trafikale tilhøva med tungtrafikk gjennom sentrum er svært utfordrande. HFK er elles imponert over kommunen sitt fokus på folkehelse.

### Om tilhøvet til Husnes som regionsenter

HFK vurderer at tilhøvet til Husnes må ein ha med. Tilrettelegging i Sunde kan føre til innbyrdes konkurranse mellom Sunde og regionsenteret Husnes. Konsulent påpeiker at utviklinga på Husnes har ramma Sunde. Styrketilhøva må no balanserast igjen. Kommunen fortel at Husnes var landbruksbygd før industrialiseringa, medan Sunde var staden ein reiste til. Det har skjedd kulturoppgangar ein må ha med seg i arbeidet, her er store kulturforskjellar.

Kommunen meiner det er ein gode for Husnes at Sunde blir meir attraktiv. FM vurderer at det kjem heilt an på kva som kjem i ei utvikling på Sunde, og at ein bør utvikle ein stad som kan stå på egne bein. Ettersom vegsamband er nedbetalt er mobiliteten stor. Sykkel er eit godt alternativ til bil, og ein arbeider med G/S-veg kring Oppsangervatnet til Valen. Når det gjeld medverknad trekk kommunen fram nettsida [Kvinnherad2050.no](http://Kvinnherad2050.no) som fyrst og fremst er ei side for kommuneplanarbeidet, men andre planer er også trekt inn for å enkelt gje innbyggjarane informasjon om kva som skjer.

HFK registrerer at kommunen ønskjer å ha eit sterkt regionsenter, men også sterke bygder. Klarer ein begge deler? Regionsenteret skal også ha eit fokus på bustader. Kommunen vil jobbe med omdømme, og sjå kvalitetane i dei ulike grendene og bygdene.

### Om planavgrensing

Kommunen vil ikkje ha ei større planavgrensing enn nødvendig. Ein har difor valt å halde visse bustad-område utanfor, men har teke med vegen grunna trafikkfare og behov for å gjere noko med dette. Det er ikkje like aktuelt å byggje ut mykje i Sunde som det var i 2004 då vedlagt stadanalyse vart skrive. Kystverket påpeiker at plangrense ligg i sjø, og rører akkurat ved den gamle farleden. Dette er ikkje eit problem men ein må vere bevisst på det. I høve til kulturminner ser fylkeskonservatoren ikkje avgrensinga som problematisk.

HFK vurderer at avgrensing av planområdet heng tett saman med kva slags detaljnivå ein ser føre seg i planen. Er det plankrav om detaljering, eller er det slik at trafikksikring er det viktigaste og at ein i plan går rett på byggetiltak. I sjø må ein tenke på om streken er bevisst i høve til landskapsformasjonane.

Kommunen ønskjer at planar som går på veg må vere slik at ein kan bygge direkte på bakgrunn av planane. Det som er fellesanlegg skal vere godt planlagt, så blir det «flateplanlagt» elles.

Fylkesmannen løfter spørsmålet om planavgrensinga er for snever. Kunne ein ha sett det i større perspektiv for å plassere dei ulike føremåla? Kommunen svarer at ein ikkje vil gape over for stort område. Dei arbeider samstundes med kommuneplan.

Foreldrekøyring til skulen er eit problem i Sunde. HFK spør kommunen om ein vil ha skuleborna langs hovudvegen når dei går til og frå skulen. Har ein sett på snarveggar? Her kan ein sjå til Alta og delvis Bjørøy i Fjell kommune for døme. Er det då problematisk at bustadområdet er utanfor planavgrensa?

### Om verdjar

Fylkesmannen vurderer følgande føresetnader som viktige for planarbeidet: Landbruk, strandsone og naturmangfald må takast med. Ein gjerne informere om korleis ein faktisk gjer vurderingane. Sunde har kvalitet som strandstadberar. Strandsone er eit uttrykk, det er kultur, det er funksjonelle element med naust og andre bygg som historieforteljarar. Dersom her skal bu mykje folk, vere ein satelittby/fjordby/kystby, bør ein sjå på om det er bra for bygda og samfunnet det arbeidet som skjer i strandsona. Korleis ein handterer sjøfronten i Sunde – det må vurderast nøye. Blokker langs sjøen er kanskje lett å selje, men det er ikkje det som er best for Sunde. Dette vert eit utrolig spanande og interessant planarbeid.

Når det gjeld landbruk bør ein tenke på at ein grøntstruktur kring skule og barnehage har kvalitetar. Kva behov har samfunnet for parkar, rom, leikeplassar osv. I planlegging av Sunde bør ein ikkje berre tenke

bustader på tidlegare landbruksområde. Ein må ha langsiktige tankar om ein gjer om landbruksføremål. Nokre aktivitetar kan skape meirverdi av landbruk, ridesenter som konsulenten nemner er eit døme. Korleis skal dette brukast for å gje ein meirverdi? Kommunen vurderer at landbruksområdet i planområdet, eigd og drive av ein gardbrukar, har stor verdi for nærliggande skule og barnehage.

Dersom det ligg inneklemt bruk som ikkje eigar vil driva, då er det landbruket som skal beskyttast, ikkje bonden. Ein må beskytta ressursane, ikkje personen. Men som kommunen også nemner kan kreative folk gjere god og stor nytte sjølv av små landbruksareal. Små landbruksareal som ikkje lenger skal drivast kan ha stor verdi i utbygde areal som oase – noko som kanskje særleg aktuelt i sentrumsområde.

Fylkeskonservator løfter fram at det som er fint med Sunde er den «lille skalaen». Ein må ta omsyn til den målestokken som er på staden - då kan ein byggje vidare på den karakteren som er i dag.

Kystverket peiker på at i planlegging av småbåtham må ein planlegge for å unngå konflikt og uhell gjennom å sikre areal til manøvrering .

I planprogram til kommuneplan har kommunen ei satsing på reiseliv. HFK vurderer at Sunde med sitt miljø og kyst- og litteratursenter er attraktivt for tilreisande. Dette kan skape marknad også for andre tilbod som vil gange både tilreisande og fastbuande. Overnattingstilbod kunne vore aktuelt.

#### Om mobilitet, gang- og sykkel

Kommunen skal bli attraktiv, grøn og frisk. Kollektiv er ein del av dette. Kommunen ser stort på det. I Sunde-planen handlar det om å ha nok areal til skikkelege busstopp, g/s-vegar osv. Kommunen vurderer at mobilitetsstrageiar er viktige vurderingar i parallelt arbeid med samferdsle i kommunen.

SVV vurderer det som vanskeleg å kome med konkrete tibakemeldingar når ein ikkje har konkrete planer å ta stilling til. På noverande stadie kan ein seie at vegen er smal, og det kan verte fråvikshandsaming. Ein ønskjer seg smale gater og mjuke trafikantar, samstudnes må vegen tilpassast lastabilane, og då har ein ei utfordring.

Kommunen ønskjer sterkt å skilje bilistane frå gåande og syklande. SVV vurderer at sentralt er kanskje fortau det ein får til, medan i randsonen kan ein få til meir der vegbreidda er større. For HFK ved samferdsel er det viktig at haldeplassar er trygge. For å betre tilhøva til mjuke trafikantar kan ein også vurdere å redusere farten ytterlegare i sentrum. Kommunen er eining i at eit fokus bør ligge på mjuke trafikantar i det kommunale vegnettet, gjennom å sikre gode løysingar og gode påkoplingar til g/s-vegar. HFK understreker at det er viktig å satse på trafikkikker tilkomst til skulen. Trafikksikringsmidler ein kan søke på hos fylket. Hjartesone som tiltak for å sikre gåande og syklande. Fylkesmannen løfter fram at ein må belyse føresetnadene for løysingane. ROS-analyser må brukast rett, og det er viktig for dette området.

#### **Avslutning**

Kommunen ser fram til å få eit resultat og ei utvikling som ein ønskjer for Sunde og Kvinnherad som heilskap. Sunde har ein utfordrande geografi, men som også er eit gode som vil vere med på å auke attraktiviteten for Kvinnherad.

Håland frå Utval for kultur, idrett og regional utvikling (KIRU) ved fylkeskommunen ser både dilemmaer og moglegheiter i planarbeidet. Sunde var senter i Kvinnherad tidlegare, og har ein nostalgi ein også bør ta vare på. Vidare oppfordrar han til å hugse universell utforming i planarbeidet for å inkludere alle. Dette er eit spanande planarbeid.

Møteleiar gjev honnør for at kommunen driv eit heilheitleg planarbeid. Det var kjekt å få ta del i diskusjonen i ein så tidleg planfase. Om kommunen treng råd undervegs vil fylkeskommunen gjerne bidra.